

Får sprenga på Skorpo

29.01.2014



Ole Kristoffer Vågen har no fått løyve av kommnen til å sprenga ein fjellknaus og heva terrenget i Søre Skorpevågen for å minska ulempene når det er stor flo. Han driv for tida og byggjer ut bruket, konstaterar kommunen. Difor har han stor trong for dyrka mark, men når sjøen går innover delar av den dyrka marka skadar det enga og fører til mykje ekstraarbeid.

Kommunen peikar på at det ikkje er kjent freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som tiltaket vil koma i konflikt med.

Det er eit vilkår for løyvet at det vert taka mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Vert det funne fornminne skal fylkeskonservatoren varslast.

På flyfotoet er det aktuelle området i bukta til høgre.